



MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR

1  
ROGALAND

1986

Namnet på vatnet

Applingsvatnet

Kommune .....

Rind

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

## D Y P I N G S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 21. sept. 1976.

Vatnet ligg i Lund kommune, nærare stadfest nord for R.501 mellom Heskestad og Hauge, og med "Gullbergtuva" og Grøsfjellvatnet i vest. Arealet er omlag 100 ha. og h.o.h. 176 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men terrenget omkring skulle tilsoie eit noko djupt vatn, sjølv om det også vil finnast grunnare partier innimellom.

Stranda består for det meste av stein og fjell.

Gjørmebotn dominerar på djupet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, nøkkeroser, siv og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om mykje skogsmark og snaufjell, men og ein del kultivert mark.

Hovudtilsiget fell inn i nord og kjem frå "Fjellavatnet" m.fl.

Eit større tilsig fell også inn på sørsida der "Langtjern",

"Kåretjern" m.fl. inngår.

Avlaupet renn ut i vest og går til Grøsfjellvatnet.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 10.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul.

Surheita pH er målt til 5.0 som er i suraste laget for yngel og småfisk.

Innhaldet av kalk (CaO) er 0.8 mg/l og den totale hardheita 2.8 mg/l. Vatnet er såleis kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne 37.6.

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 36 fjærmygglarver, 17 vårflugelarver, 2 døgnflugelarver og 2 dafnier - i alt 570 individ pr. m<sup>2</sup>.

5.0 meteren gav som resultat 6 vårflugelarver, 5 fjærmygglarver, 4 fåbørstemark, 1 ringorm, 1 dafnie og 1 vannkalv - tilsaman 180 individ pr. m<sup>2</sup>.

Samla resultat syner at der er medels bra-med botndyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av på det tids- punkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 fiskar.

Her vart det funne vårflugelarver, myggpupper, linsekreps, dafnier, fjærmygglarver og maur.

#### Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50.0 m og eit vertikal- trekk på 10.0 m, med planktonhov, og begge prøvene må karakteri- serast som mykje fattige.

#### Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Fersvassaure, røyr og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 126 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 30 aurar og av desse var 13 røde, 13 lysrøde og 4 kvite i fiskekjøttet.

2 av fiskane var svakt angripne av parasittar.

Vidare var der 13 hanfiskar og 17 hofiskar.


23 fiskar (76 %) var gytetfisk - resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5.år	6.år	7år.
Medellengde i cm	4.7	9.5	15.2	21.7	26.5	30.4	33.7
Årleg lengdetilv. i cm	4.7	4.8	5.7	6.5	4.8	3.9	3.3
Antall fiskar	30	30	30	29	28	18	3

Medel kondisjonsfaktor = 1.12 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

Vi set nedanfor opp ein vekstkurve for auren i Dypingsvatnet og samanliknar denne med normalkurven for Vestlandet (5cm.pr.år).



Som vi her vil sjå, syner auren i Dypingsvatnet ein god lengdetilvekst og ligg stort sett i overkant av normalen like fram til 7 års alder. Fisker går mot ei maksimal lengd på ca. 35 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken. Nå vil det sjølvsagt finnast ein del aure som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar" men der er neppe mange av desse. Dette er då fisk som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.

### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som medels næringsrikt, men i sureste laget for yngel og småfisk. Fiskebestandet ser ut til å vera stort og bra avpassa næringsforrådet.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er desse brukande for aure, men ein pH på 5.0 er ikkje så bra som ynskjeleg. Ein reknar gjerne grensa for formering på 4.9 så her er ikkje mykje å gå på før det kan oppstå rekrutteringssvikt. Nå må det her tilføyast, at fleire av gytebekkene kjem frå kultivert mark og det er all grunn til å tru at pH ligg vesentleg høgare her enn tilfellet er i sjelve vatnet.

Botnprøvene gav eit medels bra resultat og ser vi på omfarfordelinga saman med cm-klasseinndelinga, så syner denne fisk av ymse årgangar og storleiker.

Kondisjonsfaktoren tilseier feit, fin fisk og vekstkurven er mykje tilfredstillande.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei stor rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn.

Består dette av dyrka mark, kulturbeiter m.v. vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatna og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjelve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Dypingsvatnet er ikkje av det beste, då serleg tilsiget frå Fjellavatnet fører eit mykje surt vatn, men dette blir for ein del nøytralisert i Dypingsvatnet. Vidare finn vi ein del gardsbruk i nedslagsfeltet for Dypingsvatnet og tilsiga herfrå dreg i positiv lei.

Ser vi på fisken vi fekk, så var denne i fin kondisjon. Der ser ut til å vera eit relativt stort fiskebestand i vatnet og som er godt avpassa dei ernæringstilhøva vatnet byr på. Sjeldan vil ein finna fiskevatn med jamt over så fin fiskekvalitet som i Dypingsvatnet. Gytetilhøva er gode i fleire av tilsigsbekkene og vil normalt kunne sikre ei tilfredstillande rekruttering.

### Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at grunneigarane til Dypingsvatnet går saman og skipar til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Når grunneigarlaget er etablert, må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske medan grunneigarane sjølve tek hand om alt garnfiske. På denne måten vil grunneigarane kunna få nokre innkomer av fiskekortsalet og få det heile meir under kontroll. Vatnet ligg lageleg til på alle vis, og då der er hytteområder ikkje langt unna, vil det sikkert ikkje vera få som vil prøve fiskelukka si nettopp i dette vatnet.

Det garnfisket som ned gjennom åra har gått for seg i Dypingsvatnet må halde fram omlag som før. På denne måten kan ein unngå overbefolkning og halde fiskebestandet og fiskekvaliteten på det nåverande nivå.

Tilhøva ligg såleis i dag vel tilrette for fiskeproduksjon i Dypingsvatnet. Fåren er som nemnt surheita, men vi får vone at tilhøva vil stabilisere seg, slik at ein også i framtida vil kunne ha eit bra fiskebestand.

Finn grunneigarane å vilje starte eit grunneigarlag, vil underskrivne vera hjelpesam med å få dette i gang.

Stavanger 14. mars 1977

Einar Berg